



Siglarlaget Njord/ Tysnes og Milde Båtlag har gleda av å innby til det:

## **30. NOREGSMEISTERSKAPET I OSELVAR** **8 m<sup>2</sup> sprisegl**

**14. og 15. august 2010**

**Våge, Tysnes**



Foto: Kjell Magnus Økland

For 30. gang sidan starten i 1978 vert det arrangert NM for oselvar, denne gongen i spriklassen på Bjørnefjorden.

Me vonar at du tek turen og bidrar til ei festhelg i samband med NM og Siglarlaget Njord/Tysnes sitt 75 års jubileum. Les eigen invitasjon til jubileumsfest.

**Du er hjarteleg velkommen!**

For å få godkjent Noregsmeisterskapet må det minimum delta 20 båtar. Me vonar at alle tek dette som ei oppfordring og deltek anten med sin eigen båt, ved å kontakte oss om å få sigla mannskap eller låne ein båt.

**Påmelding til:** [ola-an@online.no](mailto:ola-an@online.no)

Forutan gjeve NM medaljar og premiar til 1/3 av deltakarane tevlar du m.a. om Hordaland idrettskrets sin krystallvase, Hordaland Fylkeskommune sin sylvpokal og Falne seileres pokal. Statuetten for Noreg sin nasjonalbåt vert delt ut av Redningsselskapet under meisterskapen.

Beste helsing  
Siglarlaget Njord/Tysnes

## Nokre av punkta i Kunngjeringa:

Frå seinast 10. juli vil dei vera i sin heilskap vera tilgjengeleg på [www.tysf.no](http://www.tysf.no). Ved å kontakta oss kan du og få dei tilsendt, og dei vil vera tilgjengeleg ved registrering.

### 3 RETT TIL Å DELTA OG PÅMELDING

**3.1 Regattaen er open for alle båtar i klassen Oselvar Sprisegl.** Rormann og mannskap skal vera medlem i siglarlag tilslutta Norges Seilforbund.

**3.2. Alle båtar skal ha betalt lisens til Norges seilforbund.** Om ein ikkje har betalt lisens for sesongen 2010, kan ein betale ei eingongsavgift for NM. Det kostar kr 150.- og kan gjerast på <http://www.seillisens.no/>

**3.2 Båtar som har rett til å delta kan melda seg på til [ola-an@online.no](mailto:ola-an@online.no) innan 10. august 2010.** Oppgje båtnamn og seglnummer, namn på rormann og mannskap. Eigenerklæring må og utfyllast. Dette kan skje i Njordstø i samband med registrering og måling. **NB!** Ved betaling via nettbank skal følgjande opplysningar følgje transaksjonen:

**NM Oselvar 2010, seglnummer, båtnamn og rormann.**

### 4 STARTKONTIGENT

**4.1 Startkontingent kr. 500,-** skal betalast til bankgiro **3525 40 54133** innan 10. august 2010. Kvittering for betalt startkontingent, samt kopi av gyldig ansvarsforsikring, skal synast ved registrering.

### 5 TIDSPROGRAM

#### 5.1 Registrering:

Fredag 13. august Frå kl. 18.00 til kl. 22.00

Laurdag 14. august Frå kl. 08.00 Til kl. 10.30

#### 5.2 Måling og inspeksjon:

Det kan verta gjennomført **teknisk kontroll** på stikkprøvebasis for å kontrollere at båt og utstyr er i samsvar med båten sitt målebrev og klassevedtektene.

#### 5.3 Dato og tid for siglasane:

Laurdag 14. august Kl. **12.00 Varselsignal** dagens første seilas.

Sundag 15. august Kl. **11.00 Varselsignal** dagens første seilas.

#### 5.4 Talet på siglasar:

7 siglasar er planlagt, maks. 4 per dag.

#### 5.5 Rormannsmøte:

Laurdag 8. august kl. **10.30**

### 7 SIGLINGSVEDTEKTER

**Siglingsvedtekter finn ein på [www.tysf.no](http://www.tysf.no) etter kl. 12.00 fredag 30. juli 2010, og ved registrering i Njordstø**

### 8 STAD

**8.1 Meisterskapen har sin base ved Siglarlaget Njord/ Tysnes sitt anlegg Njordstø.** Siglasane vil verta haldne i Bjørnefjorden og baneområde skal visast i kart i lag med siglingsvedtektene.

## 15 YTTERLIGERE INFORMASJON

For ytterlegare informasjon vises til internettsida [www.tysf.no](http://www.tysf.no)

eller kontakt regattasjef Olav Andersen: [ola-an@online.no](mailto:ola-an@online.no) eller leiar i Siglarlaget Njord/ Tysnes

Lars Grøteide, [lgroteide@gmail.com](mailto:lgroteide@gmail.com) mobil: 415 30 992